

Samandrag av masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur. Ivar Aasen-instituttet. Høgskulen i Volda 2008.

Nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving.

Viljen til språk – vilje til forskning.

Av Marit Wadsten

Emne og problemstilling

Siktemålet med masteravhandlinga mi var å få oversikt over *nynorsk i bruk i utdanning og akademisk skriving*, og undertittelen spelar på tittelen til Ottar Grepstad si bok; *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie* (2006) og tittelen på Stortingsmelding 20. (2004-2005), *Vilje til forskning*. I *Viljen til språk* gir Grepstad ei oversikt over opphavet, utviklinga og bruken av det nynorske språket og den nynorske skriftkulturen. *Vilje til forskning*, legg sterkt vekt på strategiar for auka internasjonalisering av forskinga i Norge. Det er i skjeringspunktet mellom dei to ulike innfallsvinklane at eg har undersøkt desse problemstillingane:

I kva grad blir nynorsk brukt som skriftspråk oppover i utdanningsløpet, i doktorgradsavhandlingar og vidare i akademisk skriving i Norge i dag?

Kva vilkår eller faktorar styrkjer eller svekkjer bruk av nynorsk i dette feltet og kva konsekvensar kan dette ha?

Eg har hatt to mål for granskinga; 1) Å få fram ei oversikt over bruk av nynorsk oppover i utdanningsløpet og på kva nivå eventuelle språkskifte skjer. 2) Å få fram tal på kva skriftspråk som faktisk blir brukt i doktorgradsavhandlingar, for å kunne seie noko om utviklinga i talet på nynorske avhandlingar.

Ei av hovudtesene mine var at språkskifte i størst grad skjer på vidaregåande nivå. Eg ønskte også å finne ut om bruk av nynorsk i doktorgradsavhandlingar har gått ned, og kor stor denne nedgangen eventuelt er.

Metode og data. Teori.

Eg har i innsamlinga av empirisk materiale i dette prosjektet vore mest interessert i å skaffe fram data som viser tal og oversikter over korleis tilhøva er for bruk av det nynorske skriftspråket innanfor det akademiske feltet. Eg har avgrensa undersøkinga til å gjelde avhandlingar avlagt ved dei fire største universiteta i Norge, Universitetet i Oslo, Universitetet i Bergen, NTNU og Universitetet i Tromsø. Eg har også avgrensa undersøkinga til å gjelde to år, 1997 og 2007. Eg har samla inn data frå to hovudkjelder; frå *respondentar* og frå *sentrale dokument*. Eg har gjort ei *strukturert utspørjing* der respondentane har svara på eit spørjeskjema med faste spørsmål med hovudsakleg fastlagte svaralternativ. Data som er basert på spørjeundersøkinga er derfor i all hovudsak kvantitativ. Det er også nokre opne svarkategoriar som gir høve til å utdjupe valet av skriftspråk. Denne delen har derfor eit meir kvalitatittiv preg. Frå dokumenta nyttar eg *sitat* som eg meiner gir innblikk i argument, standpunkt, haldningar eller verdiar, som eg håpar kan kaste lys over problemstillinga. Denne delen er derfor også av ein meir kvalitatittiv art. Som teoretisk tilnærming til kva som verkar inn på val av skriftspråk i doktorgradsavhandlingar og akademisk skriving, har eg nyttat grunntrekk ved *kritisk samfunnsanalyse* og sentrale termar frå Pierre Bourdieu sine teoriar.

Nynorsk i bruk i doktorgradsavhandlingar.

Ei samla oversikt frå NIFU STEP sin doktorgradsstatistikk viser at bruk av norsk som avhandlingsspråk har gått ned frå ca 22 % i 1997 til ca 13 % i 2007 for populasjonen totalt. Dette er ein nedgang på 9 %. Del avhandlingar på bokmål har gått ned frå 19,7 % (123stk) i 1997, til 12,6 % (130 stk) i 2007. Dette er ein nedgang på 7,1 %. Talet avhandlingar på bokmål har som vi ser altså isolert sett auka, men prosentdelen går likevel ned på grunn av den store auken avhandlingar totalt. I 2007 var det avlagt 1030 doktorgradar, mot 625 i 1997. Del nynorske doktorgradsavhandlingar har gått ned frå 2,24 % (14 stk) til 0,49 % (5 stk) i perioden 1997-2007. 23 % av avhandlingane i 2007 og 12 % av avhandlingane i 1997 var avlagt av kandidatar med utanlandsk statsborgarskap. Det er svært lite sannsynleg at desse skriv på norsk. Dette tilhøvet viser heller ei av årsakene til den store auken i bruk av engelsk som avhandlingsspråk. Det totale talet for språkval i avhandlingane gir derfor ikkje noko klart bilet av utviklinga for *norsk* som fagspråk i akademisk skriving innanfor *det norske språksamfunnet*. I mi undersøking har eg derfor korrigert for dette tilhøvet, som etter mi meining gjer at nedgangen i bruk av norsk totalt sett ikkje er fullt så dramatisk for det norske

språksamfunnet som tala frå NIFU STEP sin doktorgradsstatistikk kan sjå ut til i første omgang.

Mi undersøking

Spørjeskjemaet vart utforma med tanke på å få eit innblikk i utviklinga for bruk av nynorsk oppover i utdanningsløpet, for om mogleg å finne kvar ei avskaling av nynorsk brukt som skriftspråk/ hovudmål skjer. Det vart derfor spurt om skriftspråk/hovudmålform ved starten av kvart skulenivå og om eit eventuelt skifte av skriftspråk/hovudmål i løpet av dette nivået.

Tala viser at det er ein samla nedgang i bruk av norsk i avhandlingane blant norskspråklege doktorgradskandidatar frå 26,6 % i 1997 til 18,8 % i 2007. Dette er ein nedgang på 7,8 % i perioden. Bokmål går ned frå 23,1 % i 1997 til 18,8 % i 2007 blant respondentane i undersøkinga. Dette er ein nedgang på 4,3 %. For nynorsk brukt som avhandlingsspråk er talet 1,5 % (tre stk), blant respondentane i undersøkinga. Desse tre er alle avlagt i 1997. I 2007 var det ingen avhandlingar på nynorsk i mi undersøking. Engelsk aukar frå 72,4 % i 1997 til 80,6 % blant respondentane i undersøkinga, som altså i utgangspunktet har norsk som skriftspråk/hovudmål. Dette er ein auke på 8,2 %.

Eit svært gledeleg og oppløftande funn for bruk av nynorsk er at 22 % av respondentane svarar at dei skriv nynorsk i varierande grad i samband med yrket sitt, etter avslutta utdanning.

Av dei 15,3 % av respondentane som starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen seier 8,3 % at nynorsk er hovudmålet deira i dag. Skifte av språk skjer i størst grad på universitets/høgskulenivå blant dei som tek høgare utdanning. Talet på respondentar som brukar nynorsk som skriftspråk/hovudmål går ned frå 12,5 % på vidaregåande nivå, til 5,4 % på bachelor/mellomfagsnivå. Dess høgare opp i utdanningssystemet ein kjem dess færre brukar nynorsk. På masternivå er talet på brukarar nede i 3,8 % og i doktorgrads/ PhD-studiet brukar berre 1,6 % av respondentane nynorsk. 1,3 % av avhandlingane er skrivne på nynorsk.

Nynorskbrukarane

Det er ei gruppe i datamaterialet mitt som er særskilt interessante å studere nærmare i denne samanhengen, og det er den gruppa som har svara at dei starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål. Desse er det vi kan kalle primærbrukarar av nynorsk. Dei tala eg

presenterer her er henta frå mi undersøking, og er basert på dei 48 respondentane som i utgangspunktet var nynorskbrukarar då dei starta i grunnskulen. Dette utgjer 15,2 % av respondentane (Nynorsk 48-gruppa).

Nedgangen i bruk av nynorsk for dei som i utgangspunktet hadde nynorsk som skriftspråk/hovudmål er størst på høgskule/universitetsnivå. Nedgangen her er på heile 45,9 %. I doktorgradsavhandlinga er det 6,3 % i Nynorsk 48-gruppa som nyttar nynorsk. 81,3 % nyttar engelsk og 12,4 % nyttar bokmål. 60,7 % av dei som starta med nynorsk som skriftspråk/hovudmål i grunnskulen seier at dei nyttar nynorsk i varierande grad i samband med yrket sitt etter avslutta utdanning. 6,3 % seier at dei nyttar nynorsk som hovudmål i yrkessamanheng. 45,8 % av dei som starta grunnskulen med nynorsk som skriftspråk/hovudmål, seier at dei framleis ser på nynorsk som sitt hovudmål uavhengig av samanhengen dei nyttar språket i, etter avslutta utdanning.

Oppsummering

Undersøkinga mi viser at sjølv om bruken av nynorsk som hovudmål går ned oppover i utdanningsløpet, er nynorsk likevel vitalt og i bruk i akademisk skriving i dag. Særleg oppløftande er det at 22 % av respondentane svarar at dei brukar nynorsk i varierande grad i samband med yrket sitt, etter at dei har avlagt doktorgrad. Undersøkinga viser også at det kritiske punktet for nynorsk brukt som hovudmål, er på høgskule/universitetsnivå for dei som tek høgare utdanning, og ikkje på vidaregåande nivå. Det blir derfor viktig å arbeide målretta inn mot studentar på dette nivået i utdanningssystemet vårt også, og ikkje berre på forskule-grunnskule- og vidaregåande nivå.